

Odd Einar Haugen

Merknader til  
norrøne tekstar  
på NOSP 103

*Óláfs saga Tryggvasonar* kap. 48 og 49  
*Margrétar saga*



Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Universitetet i Bergen

© Odd Einar Haugen

1. utgåve, 25. januar 2010

2. utgåve, 17. mars 2010

I 2. utgåve er det retta ein feil i merknadene til s. 97, l. 34, “ok høfðu af [þeim] tíðendasögn”, jf. s. 10 i dette heftet.

Dette merknadsheftet kan lastast ned gratis til studiebruk, men det må ikkje distribuerast vidare utan etter avtale med forfattaren. Det er derimot høve til å lenkje til nedlastingssida:

<http://folk.uib.no/hnooh/merknader>

Hefтет viser til *Norrøn grammatikk i hovuddrag*. Denne grammatikken kan for tida lastast ned gratis frå nettet, i både norsk og tysk utgåve:

<http://folk.uib.no/hnooh/grammatikk>

*Norrøn ordbok* er utgjeven på Samlaget, og må kjøpast i bokhandelen:

<http://www.samlaget.no/item.cfm?path=&id=14607>

# Forord

Denne kommentaren er utarbeidd med tanke på studieplanen for NOSP 103 ved Universitetet i Bergen, men han kan sjølvsagt brukast andre stader òg. Tekstgrunnlaget for merknadsheftet er antologien *Norrøne tekster i utval* (Oslo 1994), der dei to kommenterte tekstane er å finne både i normalisert norrøn språkform og i parallell omsetjing til moderne norsk.

Merknadene følgjer dei norrøne tekstene side for side og linje for linje. Alle referansar med paragrafteikn er til *Norrøn grammatikk i hovuddrag* (Bergen 2008). Fleire stader har eg også vist til *Norrøn ordbok*, med oppslagsforma i halvfeit skrift. I ordboka er omtalen av verba særleg viktig, for her blir det forklart kva for kasus verbet styrer og kva for partiklar (dvs. preposisjonar og adverb) det dannar faste uttrykk med. Merk at bøyingsformer av ordet *eimhverr* blir brukte som kasusmarkørar i *Norrøn ordbok*:

nominativ:	<i>e-rr</i>	
genitiv:	<i>e-s</i>	
dativ:	<i>e-m</i> (om personar)	<i>e-u</i> (om ting)
akkusativ:	<i>e-n</i> (om personar)	<i>e-t</i> (om ting)

Ordboka har nokså lange artiklar for dei mest sentrale verba, men då verbet ofte gjev nykelen til heile setninga, bør ein bruke tid på å lære seg korleis desse artiklane er oppsette. Mot slutten av dette heftet er det føydd til eit kapittel med råd om korleis ordboka skal brukast, særleg med tanke på korleis morfologiske opplysningar skal lesast ut av formparentesane.

I nokre tilfelle er det god hjelp i å snu litt på ordstillinga. Då har eg til late meg å omskrive setningane (markert med ≈) for å leggje dei nærare opp til moderne norsk leddstilling, og eg har føydd til manglande ledd i skarpe klamrer.

I dette heftet blir det brukt aksent over lange vokalar, også over ‘ø’ og ‘æ’, i samsvar med *Norrøn grammatikk i hovuddrag* og *Ordbog over det norrøne prosasprog*. I *Norrøn ordbok* til og med 4. utgåve blir teikna ‘œ’ og ‘æ’ brukte, men frå og med 5. utgåve er ‘ø’ og ‘æ’ tekne i bruk.

Bergen, 25. januar 2010  
*Odd Einar Haugen*

# Forkortingar

a.	= adjektiv (i sitat frå <i>Norrøn ordbok</i> )	sv.	= svak(t)
adj.	= adjektiv	m.	= maskulint substantiv
adv.	= adverb	mask.	= maskulin(um)
ak.	= akkusativ (i sitat frå <i>Norrøn ordbok</i> )	n.	= nøytralt substantiv
akk.	= akkusativ	nom.	= nominativ
art.	= artikkel	nøytr.	= nøytrum, nøytral
best.	= bestemt	obj.	= objekt
dat.	= dativ	perf. part.	= perfektum partisipp
dem.	= demonstrativ	pers.	= person, personleg
dvs.	= det vil seie	pl.	= plural
eig.	= eigenleg	plur.	= plural
f.	= feminint substantiv	poss.	= possessiv
fem.	= feminin(um)	prep.	= preposisjon
gen.	= genitiv	pres.	= presens
imp.	= imperativ	pret.	= preteritum
ind.	= indikativ	pret.-pres.	= preterito-presentisk
inf.	= infinitiv	pron.	= pronomer
jf.	= jamfør	refl.	= reflektiv
kl.	= klasse	s.	= side
komp.	= komparativ	sing.	= singular
konj.	= konjunktiv	st.	= sterk(t)
kvant.	= kvantor	supl.	= superlativ
		t.d.	= til dømes
		vb.	= verb

Substantiv blir bestemte ved *kasus* og *numerus*, og det blir som oftast opplyst om bøyingsklasse i grammatikken, t.d. “sterk mask. a-type, § 26.1”.

Adjektiv og determinativ (possessiv, demonstrativ og kvantorar) blir bestemte med *kasus*, *numerus* og *genus*.

Pronomen blir bestemte med *kasus* og eventuell *numerus* og *genus*.

Verb blir bestemte med *person*, *numerus* og *tempus*. Vidare blir det opplyst om *modus* dersom denne er konjunktiv eller imperativ og om *diatese* dersom verbet har reflektiv form. Ved presens og perfektum partisipp blir bøyning i *kasus*, *numerus* og *genus* føydd til i parentes. Ved alle verb blir det opplyst om bøyingsklasse i grammatikken, t.d. “st.vb. 1. kl., § 84.1”.

# Utdrag frå Óláfs saga Tryggvasonar i Heimskringla

Norrøne tekster i utval, side 94–99

---

## Kap. 48

### Side 95

- 10 skip: nom. plur. av *skip* n. ‘skip, båt’, sterk nøytr. null-type, § 35. Dei fleste nøytrale substantiv har same form i eintal som i fleirtal (nominativ og akkusativ); at det her er fleirtal ser vi av at verbet *lágu* står i fleirtal: *skip hans lá þar* ‘skipet hans låg der’ – *skip hans lágu þar* ‘skipa hans låg der’.
- *lágu*: 3. pers. plur. pret. av *liggja* st.vb. 5. kl ‘liggje’. Verbet kongruerer med subjektet *skip* (plur).
- 11 *bjó*: 3. pers. sing. pret. av *búa* st.vb. 7. kl. B ‘bu’, § 90.2.
- 12 *átti*: 3. pers. sing. pret. av *eiga* pret.-pres. vb. ‘eige, ha’.
- *konu þá*: ‘ei kone’, eig. ‘kone den’, *þá* er her akk. sing. fem. av *sá* det. ‘den, det’. I norrønt kunne determinativa ofte stillast etter kjernen, § 118.2.
- 13 *kølluð*: nom. sing. fem. av *kallaðr* perf. part. av *kalla* sv.vb. kasta-kl. ‘kalle’. Her er det u-omlyd, *\*kalluð* → *kølluð*, § 22.1, regel (1).
- *kvinna friðust*: ‘vakrast av kvinner’, dvs. ‘uvanleg vakker kvinne’. Absolutt superlativ, brukt om ein svært høg grad, § 147.3. Adjektivet *friðust* er eit predikativ som kongruerer med subjektet *hon*, medan substantivet *kvinna* er gen. plur. av *kona* f ‘kvinne, kone’.
- 14 *þeira erenda*: ‘i det ærendet’, adverbial bruk av genitiv for å uttrykkje eit omstende ved handlinga, § 145.2.
- *báru*: 3. pers. plur. pret. av *bera* st.vb. 4. kl ‘bere, ta fram’, § 87.1.
- 15 *erendi sín*: denne frasen står i fleirtal (eintal ville ha vore *erendi sitt*), men vi omset det med eintal, ‘ærende sitt’. Jf. bøyinga av *erendi* n. § 35.2 og *sinn* poss. § 56.
- *þá*: akk. plur. mask. av *sá* det. ‘den, det, dei’. Det er lett å forveksle *þá* adv. ‘då’ med denne forma av *sá*.
- *høfðu*: 3. pers. plur. pret. av *hafa* sv.vb. uregelrett ‘ha’, § 82. Her er det u-omlyd, *\*hafðu* → *høfðu*, § 22.1, regel (1).

- 16 matazk: perf. part. (supinum) av *matask* sv.vb. kasta-kl. ‘få seg mat’. Merk at *z* står for *t + s*, *matatsk* = *matazk*, § 6.
- þá: her er det *þá* adv. ‘då’. Står ordet først i ei setning, kan vi vere nokså sikre på at det er eit adverb, ikkje ei bøyingsform av *sá* det.
  - bygðinni: dat. sing. av *bygð* f. ‘bygd’ + best. art., *bygð + inni* → *bygðinni*, § 59.2.
  - er (hann hafði orð sent): dette er relativpartikkelen *er* ‘som’, ikkje presens av *vera* st.vb.; her gjeld same regelen som ved *þá*, nemleg at dersom ordet står først i ei setning, er det helst ein relativpartikkel (eller ein subjunksjon med tydinga ‘i det’). Ofte står det eit komma føre *er* når ordet innleier ei setning.
- 17 Lét Ormr: ‘Orm lét. Det finitte verbalet kan ofte stå først i setninga, utan at det er tale om ei spørjesetning (slik det er på moderne norsk), § 115.
- føri: 3. pers. sing. pret. konj. av *fara* st.vb. 6. kl ‘fare, reise’, §89.1. Rotvokalen i pret. konj. (utanom i svake verb av kasta-klassa) blir danna ved i-omlyd av rotvokalen i pret. plur. ind., *\*fóri* → *føri*, § 23, regel (17).
  - þrælunum: dat. plur. av *þráll* m. ‘træl’ + best. art., *þrælum + inum* → *þrælunum*, § 59.1. Merk at i nominativsforma *þráll* er det ein underliggjande *-r*, *\*þrál + r* → *þráll*, § 22.1, regel (2).
  - Ormr lét þá engan kost [vera] at Guðrún føri með þrælunum ‘Orm lét det ikkje vere noko vilkår at Gudrun skulle fare med trælane’, dvs. ‘Orm sa at Gudrun på ingen måte skulle ta av stad med trælane’.
- 19 húsfreyja rík: ‘mektig husfrue’ – adjektivet er etterstilt, § 118.1.
- 20 unnustum: dat. plur. av *unnasta* f. ‘frille’. Her er det u-omlyd i den andre stavinga av ordet, *\*unnastum* → *unnustum*, § 22.1, regel (1).
- þrælarnir: nom. plur. av *þráll* m. ‘træl’ + best. art., *þrælar + inir* → *þrælarnir*, § 59.1.
  - qðru: dat. sing. nøytr. av *annarr* det. ‘annan’. Denne forma kan forklarast gjennom ein serie med reglar, *\*annar + u* → *\*annru* → *\*aðru* → *qðru*, § 58.2.
  - sinni: dat. sing. av *sinn* n. ‘gong’.
- 22 herqr: nom. sing. av *herqr* f. ‘hærpil’. For å finne den fulle bøyinga av dette ordet, må ein slå opp i *Norrøn ordbok* på det andre leddet, *qr* f. Då får ein vite at det har v-innskot, som i *qrvar* gen. sing. Jf. § 31.4.
- fjogurra: gen. av *fjórir* det. ‘fire’, § 69.
  - vegna: stivna genitivsform, truleg av *vegr* m. ‘veg’. Førekjem i faste uttrykk som *tveggja vegna* ‘på begge sider’, *á hóggra vegna* ‘på høgge side’, og altså her *fjogurra vegna* ‘på fire kantar’, dvs. ‘i alle fire himmelretningar’.
  - fjogurra vegna: genitiv i adverbial bruk, om stad (eller tid), § 145.2.
  - bygðina: akk. sing. av *bygð* f. ‘bygd’ + best. art., *bygð + ina* → *bygðina*, § 59.2.
- 23 lét: 3. pers. sing. pret. av *láta* st.vb. 7. kl. D ‘la’, § 90.4.
- 27 úþokkat: nektingspartikkelen *ú-* + perf. part. av *þokka* sv.vb. kasta-kl. ‘tykkje om’.

- var þat verk allmjök úþokkat: ‘var dette verket svært mykje utykt om’, dvs. ‘folk tykte ille om dette’.
- við sjalft: ‘nære på’, jf. *Norrøn ordbok* under **sjalfr** adj. *við sjalft*.
- 28 hljóp: 3. pers. sing. pret. av *hlaupa* st.vb. 7. kl. B ‘springe, fare (opp)’, § 90.2.
- sótti: 3. pers. sing. pret. av *sökja* sv.vb. uregelrett ‘søkje’, § 82.
- 29 bõnum: dat. sing. av *bõr* f. ‘gard’ + best. art., *bõ + inum* → *bõnum*, § 59.1. Preposisjonen *af* styrer alltid dativ, § 108.1.
- 30 bóndaherinum: dat. sing. av *bóndaherr* m. ‘bondehær’ + best. art., *bóndaher + inum* → *bóndaherinum*, § 59.1. Også her styrer *af* dativ.
- 32 skipunum: dat. plur. av *skip* n. ‘skip, båt’ + best. art., *skipum + inum* → *skipunum*, § 59.3. Preposisjonen *fyrir* styrer ofte dativ, § 108.4.
- réð: 3. pers. sing. pret. av *ráða* st.vb. 7. kl. D ‘styre, rå’, § 90.4.
- mannvænsti: nom. sing. mask. supl. av *mannvánn* adj. ‘dugande, emneleg’, eig. ‘mann-ventande, som ein kan vente at blir mannleg’, jf. *vánn* adj. ‘ventande’, som har samanheng med *vón* f. ‘von, håp’. Dette er absolutt superlativ, brukt om ein svært høg grad, § 147.3. Om danninga av forma *vænsti*, sjå § 48.
- 33 en er náttaði: ‘då det vart natt’. Subjektlaus setning, § 101.
- liðinu: dat. sing. av *lið* n. ‘flokk, hær’ + best. art., *liði + inu* → *liðinu*, § 59.3. Verbet *dreifa* ‘drive, la gå’ styrer dativ.
- ut: trykkfeil for *út*.
- 34 gerið: 2. pers. plur. imp. av *gera* sv.vb. uregelrett ‘gjere’, her: ‘sende’. Ved imperativ er subjektet ofte utelate, men i norrønt kan det (i motsetnad til moderne norsk) også stå ved imperativ, § 154.
- 35 fari: 3. pers. sing. pres. konj. av *fara* st.vb. 6. kl. ‘fare, reise’, her: ‘segle’. Om bruken av konjunktiv, sjå § 153.1.
- firðinum: dat. sing. av *fjorðr* m. ‘fjord’ + best. art., *firði + inum* → *firðinum*, § 59.1. Preposisjonen *eptir* styrer oftast akkusativ, men styrer dativ i staduttrykk, § 107.4 og 108.7. Om bøyinga av *fjorðr*, sjå § 28.
- vit: dette er dualis (total) av det personlege pronomenet, ‘vi to’, § 67.1
- 38 hratt: 3. pers. sing. pret. av *hrinda* st.vb. 3. kl. ‘skuve’, § 86.1 Merk overgangen *\*hrand* → *\*hrant* → *hratt*, § 22.2 regel (11) og (12).
- hratt jarl þar í hesti sínum ≈ hratt jarl þar í [vatni] hesti sínum. Preposisjonen *í* står absolutt, dvs. utan utfylling, men vi kan tenkje oss til ein fullstendig preposisjonsfrase *í vatni* ‘uti vatnet’, eller vi kan tolke adverbiallet *þar* som representant for utfyllinga, § 132.2. Substantivfrasen *hesti sínum* er ikkje styrt av preposisjonen *í*, men av verbet *hrinda*, som tek sitt objekt i dativ.
- 40 for: trykkfeil for *fór*, 3. pers. sing. pret. av *fara* st.vb. 6. kl. ‘fare, kome’, § 89.1.

- 2 Jarl segir at Erlendr myndi [vera] drepinn ‘Jarlen seier at Erlend kunne vere drepenn’. Verbet *vera* kan ofte utelatast i samband med verba *skulu*, *munu* og *mega*, § 131.
- 3 *qðru sinni*: ‘for andre gong’; sjá merknaden til s. 95, l. 20.
- 5 *lokin*: perf. part. (nom. plur. *nøytr.*) av *luka* st.vb. 2. kl. ‘stengje’, § 85.1.
- *qll*: nom. plur. *nøytr.* av *allr* det. ‘all, heil’, § 23 regel (18).
- *hann grunaði*: verbet *gruna* er upersonleg, dvs. at det tek eit objekt i akkusativ, her *hann*, men ikkje noko subjekt, § 102.2. Ettersom *hann* har same form i nominativ og akkusativ, kan vi ikkje sjå at det står i akkusativ. Hadde det vore tale om ei kvinne, ville det ha stått *hana [akk.] grunaði*, ikkje *hon [nom.] grunaði*.
- 8 *sín*: gen. av det refleksive pronomenet *sik* ‘seg’, styrt av preposisjonen *til* (som alltid styrer genitiv). Om bøyinga av *sik*, sjá § 67.2.
- 9 *ryfi*: 3. pers. plur. pret. av *rjúfa* st.vb. 2. kl. ‘bryte’, § 85.1. Merk at preteritum konjunktiv blir danna ved i-omlyd av rotvokalen i preteritum konjunktiv indikativ, *\*rufi* → *ryfi*, § 23 regel (17). Konjunktiv brukt i følgjesetningar uttrykkjer at saksforholdet ikkje er heilt visst, § 153.7.
- *ryfi samnaðinn*: ‘bryte samlinga, skiljast’.
- 10 *Hér mun þín leitat* [verða]: ‘Her vil det bli leita etter deg.’ Verbet *leita* tek objekt i genitiv, her *þín* ‘deg’, § 103.3. Om bøyinga av *þín*, sjá § 67.2. Verbet *vera* kan utelatast etter *munu*, § 131, og det same gjeld for *verða*.
- 11 *má*: 1. pers. pres. av *mega* ‘måtte, kunne’. Preterito-presentisk verb, § 92.
- 12 *sá*: nom. sing. mask. av *sá* det. ‘den’, § 70.
- *einn staðr er sá ≈ sá er einn staðr*, ‘den er ein stad’, dvs. ‘det er ein stad’.
- 12 *leita slíks manns*: ‘leite etter ein slik mann’, verbet *leita* tek objektet i genitiv, her *slíks manns*.
- 14 *um búask*: ‘stelle oss til’, der preposisjonen *um* står absolutt, § 132.4.
- *lífsins*: gen. sing. av *líf* n. ‘liv’ + best. art., *lífs + ins* → *lífsins*, § 59.3. Verbet *gáta* ‘gjete, vakte, passe’ styrer her genitiv, § 103.3.
- *gróf*: 3. pers. sing. pret. av *grafa* st.vb. 6. kl., § 89.1.
- 15 *viðu*: akk. plur. av *viðr* m., her ‘tømmer’, § 28.
- 17 *báðir þeir Karkr*: ‘begge dei Kark’, dvs. ‘både han (Håkon jarl) og Kark’. Ein kunne nemne ein stórre flokk ved *þeir* + ein representant for flokken, her *þeir Karkr*. Tilsvarande har vi i moderne norsk, *Kark og dei*. Jf. § 118.5.
- 18 *moldu*: dat. sing. av *mold* f. ‘mold, jord’, styrt av verbet *sópa*. Om bøyinga av *mold*, sjá § 31.1 merknad.
- *myki*: dat. sing. av *myki* f. ‘møkk’, også dette styrt av *sópa*.
- *rak*: 3. pers. sing. pret. av *reka* st.vb. 5. kl. ‘drive’, § 88.1.



Kap. 48

- 24 reri: 3. pers. sing. pret. av *róa* ‘ro’ róa-klassa, § 93. Subjektet er *Erlendr, sonr Hákon jarls*.
- 26 nálguðusk: 3. pers. plur. pret. av *nálgask* ‘nærme seg’ kasta-klassa, § 77.1. U-omlyd \**nálgaðusk* → *nálguðusk*, § 22.1 regel (1). Den andre ‘a’ i *nálgaðusk* står trykklett og går derfor til ‘u’, ikkje ‘ø’ (som står i trykktunge stavingar). Merk at grammatikken brukar refleksivendinga *-sk* (§ 96), medan *Norrøn ordbok* har *-st*.
- þá grunaði þá Erlend: ‘då tenkte Erlend og folka hans’. Om verbet *gruna*, sjå merknaden til l. 5 ovanfor. Her ser vi eintydig at *þá Erlend* står i akkusativ, ettersom nominativsforma er *þeir Erlendr*. Jf. bøyinga av personlege pronomeni i 3. person, § 67.2. Om konstruksjonen *þeir Erlendr*, sjå merknaden til l. 17 ovanfor.
  - snúa: 3. pers. plur. pres. av *snúa* ‘snu, vende’ róa-klassa, § 93. Med unntak av verbet *vera* har infinitiv alltid same form som 3. pers. plur. pres., her *snúa*. Det underforståtte subjektet er *þeir Erlendr* ‘Erlend og flokken hans’.
- 27 firðinum: Sjå merknaden til s. 95, l. 35 ovanfor.
- sér: dat. av det refleksive pronomenet *sik*, § 67.2, styrt av preposisjonen *móti*, § 108.2.
  - hugði: 3. pers. sing. pret. av *hyggja* sv.vb. telja-kl. ‘tenkje’, § 78.1. Dette verbet har samanheng med *hugr* m. ‘tanke, sinn’.
  - ákafast: suppl. av *ákraft* adv. ‘snøgt, strengt, kvasst’. Sjå *Norrøn ordbok* under *ákraft* adj.
  - reru: 3. pers. plur. pret. av *róa* ‘ro’ róa-klassa, § 93.
  - hljópu: 3. pers. plur. pret. av *hlaupa* st.vb. 7. kl. B ‘springe, hoppe’, § 90.2.
- 29 váru: 3. pers. plur. pret. av *vera* st.vb. 5. kl. ‘vere’, § 88.4.
- 30 skip Óláfs: ‘skipa til Olav’. Sterke nøytrale substantiv har same form i eintal som i fleirtal (nom. og akk.), § 35. Det einaste unntaket er dei som har rotvokalen ‘a’, for dei får u-omlyd i fleirtal, *barn* – *þörn*.
- 30–31 Óláfr sá hvar lagðisk maðr: ‘Olav såg at det låg ein mann’. Frå samanhengen er det rimeleg å tenkje seg at Erlend har hoppa i sjøen frå skipet og er i ferd med å symje til lands.
- 31 lagðisk: 3. pers. sing. pret. refl. av *leggja* sv.vb. telja-kl. ‘leggje’, her refl. ‘leggje seg’, dvs. ‘symje’, jf. *Norrøn ordbok* under **leggja B leggjast** 6.
- friðr forkunnliga: ‘særs ven’. Her står *forkunnar* (genitiv av substantivet *forkuðr* f.) som forsterkande adverb til adjektivet *friðr* ‘ven’, jf. *Norrøn ordbok* under **forkuðr** f.
  - hjalmunvölinn: akk. sing. av *hjalmonvölr* m. ‘rorpinne’ + best. art., *hjalmonvölr + inn* → *hjalmonvölinn*, § 59.1. Sjå *Norrøn ordbok* under **hjalmonvölr** m.

- 32 hǫfuð Erlendi: ‘hovudet for Erlend’, dvs. ‘hovudet til Erlend’. Dativ (her *Erlendi*) blir ofte brukt for å uttrykkje eigeomsforhold ved kroppsdelar, også kjent frå latinsk grammatikk, *dativus sympatheticus*, § 144.3.
- syni: dat. sing. av *sonr* (el. *sunr*) m. ‘son’ sterk mask. u-type, § 28. Rotvokalen ‘y’ må forklarast som i-omlyd av *sun-*.
- 33 heila: gen. sing. av *heili* m. ‘hjerne’ svak mask. a-type, § 37.1. Preposisjonen *til* styrer alltid genitiv, § 109.1.
- mart = margt: akk. sing. nøytr. av *margr* det. ‘mange, mykje’. Her er det bortfall av konsonant i konsonantsamband, § 22.1 regel (9).
  - mart manna: ‘mykje av menn’, dvs. ‘mange menn’. Her er *manna* gen. plur. av *maðr* m. ‘mann’. Om denne genitiven, sjå § 145.3.
- 34 sumt = sumt [lið], ‘noko folk’, dvs. ‘nokre’. Forma *sumt* er nom. sing. nøytr. av *sumr* det. ‘nokon, somme’.
- af: preposisjonen *af* står her absolutt, dvs. utan utfylling, § 132.1.
  - ok hǫfðu af [þeim] tíðendasǫgn: ‘ok hadde av dei nytt’, dvs. ‘og spurde dei om nytt’. Vi må tenkje oss til eit underforstått *þeim* (i dativ, styrt av *af*).
  - tíðendasǫgn: akk. sing. av *tíðendasǫgn* f. ‘nyhende, nytt’. Dette er direkte objekt.
- 36 dreift: perf. part. av *dreifa* sv.vb. dǫma-kl. ‘drive bort, spreie’.
- dreift var ǫllum flokki hans: ‘spreidd var heile flokken hans’. Subjektlaus konstruksjon, der det som var spreidd, *ǫllum flokki hans*, er eit objekt som står i dativ. Jf. § 136.
- 37 fegnir: nom. plur. mask. av *feginn* adj. ‘glad’. Bortfall av trykklett vokal i avleiingssuffiks, *\*fegin + ir* → *fegnir*, § 22.2 regel (14).
- 37–38 taka þegar samlag sitt: ‘tok med ein gong same lag’, dvs. ‘dei slo seg straks saman’.
- 40 nǫkkur: *nǫkkur* adv. ‘nokon stad’. *Norrøn ordbok* har forma *nokkur* i 5. utg.
- bǫjum: dat. plur. av *bǫr* m. ‘gard’. Sterk mask. i-type med j-innskot, § 27.2.

## Side 99

- 3 átti: 3. pers. sing. pret. av *eiga* pret.-pres. vb. ‘eige, ha, halde’. Om bøyinga, sjå § 92.
- 5 yrði: 3. pers. sing. pret. konj. av *verða* st.vb. 3. kl. ‘bli’. Preteritum konjunktiv blir danna ved i-omlyd av rotvokalen i preteritum indikativ, *\*urði* → *yrði*, § 23 regel (17). Merk dessutan at *verða* har bortfall av *v* føre runda vokal, § 86.2. Etter innhaldet er *yrði* å rekne som ein potensial konjunktiv, § 151.
- 6 jarl: nom. sing. av *jarl* m. ‘jarl’. Dette er ein sterk mask. a-type, der ein skulle ha venta endinga *-r* i nominativ, men denne er fallen ved assimilasjon og konsonantforkorting: *\*jarl + r* → *\*jarll* → *jarl*, § 22.1 regel (2) + (4:1). Ein konsekvens av dette er at nominativsforma fell saman med akkusativforma, *jarl*.

- 10 kveldaði: 3. pers. sing. pret. av *kvelda* sv.vb. kasta-kl. ‘bli kveld’. Upersonleg konstruksjon, § 101 og § 137.
- náttaði: 3. pers. sing. pret. av *nátta* sv.vb. kasta-kl. ‘bli natt’. Same konstruksjon som *kveldaði*.
- 11 lét: 3. pers. sing. pret. av *láta* st.vb. 7. kl. D ‘late, låte’, § 90.4.
- 14 muntu = munt þú. Enklitisk form, § 67.3.
- munt: 2. pers. sing. pres. av *munu* pret.-pres. vb. ‘ville, kunne’, § 92.
- 16 vekti: 3. pers. sing. pret. konj. av *vaka* sv.vb. dýma-kl. ‘vake, halde oppsyn med’, § 81.1. Preteritum konjunktiv blir danna ved i-omlyd av rotvokalen i indikativ, \**vakti* → *vekti*, § 23 regel (17).
- 17 degi: dat. sing. av *dagr* m. ‘dag’, sterk mask. a-type. Her er det i-omlyd i dativ, \**dag + i* > *degi*, § 26.1.
- at því: ‘av dette’. Her er *at* preposisjon, som styrer dativ.
- 18 at (jarl skaut ...): Denne *at* er subjunksjon, som innleier ei at-setning.
- hælunum: dat. plur. av *háll* m. ‘hæl’ + best. art., *hælum + inum* → *hælunum*, § 59.1. Instrumentalt ledd som står i dativ, § 144.2. Nominativsforma *háll* er resultat av ein assimilasjon, \**hál + r* → *háll*, § 22.1 regel (2).
  - hnakkanum: dat. sing. av *hnakki* m. ‘nakke’ + best. art., *hnakki + inum* → *hnakkanum*, § 59.1.
- 19 hátt: akk. sing. nøytr. (adverbial bruk) av *hár* adj. ‘høg’.
- 20 linda sér: ‘beltet for seg’, dvs. ‘beltet sitt’, *dativus sympatheticus*, § 144.3.
- barka jarli: ‘strupa på jarlen’. Same type av dativ som i *linda sér*.
- 21 sneið: 3. pers. sing. pret. av *sniða* st.vb. 1. kl. ‘snitte, skjere’, § 84.1.
- hljóp: 3. pers. sing. pret. av *hlaupa* st.vb. 7. kl. B ‘springe, fare (opp)’, § 90.2.
- 24 ok hoggva höfuð af ≈ ok hoggva höfuð af [honum] ‘og hogge hovudet av han’. Preposisjonen *af* står absolutt, dvs. utan utfylling, § 132.1.

# Margrétar saga

Norrøne tekster i utval, side 267–277

---

## Side 267

- 9 sǫgunnar: gen. sing. av *saga* f. ‘soge, forteljing’ + best. art., *sǫgu + innar* → *sǫgunnar*, § 59.2. Merk også u-omlyden, \**sagu* → *sǫgu*, § 22.1 regel (1). Om bøyinga av *saga*, sjå § 40.1.
- 10 himna: gen. plur. av *himinn* m. ‘himmel’. Bortfall av vokal i avleiingssuffiks, \**himin + a* → *himna*, § 22.2 regel (14). Preposisjonen *til* styrer alltid genitiv.
- 13 erfið: nom. sing. fem. av *erfiðr* adj. ‘vanskeleg’. Om bøyinga, sjå § 52.1.
- 16 almáttkan: akk. sing. av *almáttigr* adj. ‘allmektig’. Bortfall av vokal i avleiingssuffiks + assimilasjon, \**almáttig + an* → \**almáttgan* → *almáttkan*.
- 18 heilǫg: nom. sing. fem. av *heilagr* adj. ‘heilag’. I nom. sing. fem. har adjektiva inga ending, men derimot u-omlyd, *heilag* → *heilǫg*, § 23 regel (18), og § 52.1.
- barðisk: 3. pers. sing. pret. refl. av *berja* sv.vb. telja-kl. ‘slá’, i reflektiv ‘slást, kjempe’.
  - djǫflinum: dat. sing. av *djǫfull* m. ‘djevel’. Bortfall av vokal i avleiingssuffiks, \**djǫful + i* → *djǫfli*, § 22.2 regel (14), + best. art., *djǫfli + inum* → *djǫflinum*, § 59.1.
- 19 auðgaðisk: 3. pers. sing. pret. av *auðga* sv.vb. kasta-kl. ‘bli rik’, i reflektiv ‘bli rik’.
- 20 varðveiti: 3. pers. plur. pres. konj. av *varðveita* sv.vb. dǫma-kl. ‘ta vare på, vakte’. Her står det i konjunktiv, § 153.1.
- hjartanu: dat. sing. av *hjarta* n. ‘hjarte’ + best. art., *hjarta + inu* → *hjartanu*, § 59.3. Om bøyinga av *hjarta*, sjå § 43.
  - hafi: 3. pers. plur. pres. konj. av *hafa* sv.vb. uregelrett ‘ha’, § 82. Konjunktiv som i *varðveiti* ovanfor.
  - handa: gen. plur. av *hǫnd* f. ‘hand’, § 33.1. Rotvokalen i dette ordet er *a*, med u-omlyd i nominativ, § 23 regel (18).
- 21 biði: 3. pers. plur. pres. konj. av *biðja* st.vb. 5. kl. ‘be’, § 88.1. Konjunktiv som i *varðveiti* ovanfor.
- Margrétu: akk. sing. av *Margrét* f. Dette ordet er ein sterk feminin ar-type og har dermed endinga *-ar* i gen. sing., men det skil seg ut ved å ha endinga *-u* i både dativ og akkusativ.
- 30 fal: 3. pers. sing. pret. av *fela* st.vb. 4. kl. ‘gøyme, skjule’, her ‘overgje’, § 87.2.
- 31 andaðisk: 3. pers. sing. pret. av *anda* sv.vb. kasta-kl. ‘ande, puste’, i reflektiv ‘døy, gje opp anden’.

- unni: 3. pers. sing. pret. av *unna* pret.-pres. vb. ‘elske, vere glad í’, § 92.
- 34 gǫmul: nom. sing. fem. av *gamall* adj. ‘gammal’, § 52.2.
  - fimmtán vetra gǫmul: ‘femten vintrar gammal’. Merk at målet for alderen står i genitiv, her *vetra* gen. plur. av *vetr* n. ‘vinter’. Jf. § 105.1.
- 39 neyða: inf. av *neyða* sv.vb. dǫma-klassa ‘tvinge’, § 80.1. Dette verbet har same rot som substantivet *nauð* f. (med i-omlyd *au* > *ey*, § 17.2).

Side 269

- 1 og: trykkfeil for konjunksjonen *ok* ‘og’.
- 2 frjǫls: nom. sing. fem. av *frjals* adj. ‘fri’, dvs. ‘ugift’. Jf. paradigmet for *spakr* adj., § 52.1.
- 4 vǎnni: nom. sing. fem. komp. av *vǎnn* adj. ‘vakker, ven’, \**vǎn* + *ri* → *vǎnni*, § 22.1 regel (2). Om gradbøyinga, sjá § 48.
  - sǫgðu: 3. pers. plur. pret. av *segja* sv.vb. uregelrett ‘seie, fortelje’, § 82. Denne forma har u-omlyd, \**sagðu* > *sǫgðu*, § 22.1 regel (1).
- 5 meynni: dat. sing. av *mér* f. ‘møy, ung kvinne’ + best. art., \**mey* + *inni* → *meynni*, § 59.2. Ordet er ein sterk feminin ar-type med j-innskot, § 31.3. Det førekjem også med forma *mey* i nominativ.
- 9 miskunnaðu: enklitisk form av *miskunna þú* ‘ha du miskunn’, § 67.3. Verbet står i 2. pers. sing. imp., § 94.
- 10 glatisk: 3. pers. plur. pres. konj. av *glata* sv.vb. kasta-kl. ‘tyne, tape, miste’, i refleksiv ‘gå fortapt’. Her står det i konjunktiv, § 153.1.
  - láttu: enklitisk form av *lát þú* ‘lat du’, § 67.3.
- 12 vǫrgum: dat. plur. av *vargr* m. ‘varg, ulv’, jf § 26.1.
  - fengin: perf. part. (nom. sing. fem.) av *fá* st.vb. 7. kl. C ‘få, gje’, her ‘fanga’, § 90.3.
- 13 sendu: enklitisk form av *send þú* ‘send du’, § 67.3. Verbet står i 2. pers. sing. imp., § 94.
  - gáti: 3. pers. sing. pres. konj. av *gáta* st.vb. 5. kl. ‘vakte, gjete’. Her står det i konjunktiv, § 153.1.
  - andar minnar: gen. sing. av *ǫnd mín* ‘sjela mi’. Verbet *gáta* tek objektet i genitiv, § 103.3.
- 14 styrki (2 gonger): 3. pers. sing. pres. konj. av *styrkja* sv.vb. dǫma-kl. ‘styrkje’. Konjunktiv som i *gáti* i linja ovanfor.
- 15 mǎrin: nom. sing. av *mér* f. ‘møy, ung kvinne’ + best. art., \**mér* + *in* → *mǎrin*, § 31.3 og 59.2.
- 16 Olibrio: dat. sing. av *Olibrius* m. (på latin). Etter norrøn syntaks er dette eit indirekte objekt som skal stå i dativ, og den latinske dativforma blir då brukt.

- 18 meyna: akk. sing. av *már* f. ‘møy, ung kvinne’ + best. art., \**mey + ina* → *meyna*, § 59.2.
- 19 hvárt: adv. ‘om, skal tru om’, uttrykkjer at setninga er eit spørsmål.  
– *vári*: 3. pers. sing. pret. konj. av *vera* st.vb. 5. kl. ‘vere’. Preteritum konjunktiv blir danna ved i-omlyd av rotvokalen i preteritum indikativ, \**vári* → *vári*, § 23 regel (17). I underordna spørjesetningar blir det ofte brukt konjunktiv, § 153.2.
- 24 því: dat. sing. nøytr. av *sá* det. ‘den, det’, her ‘av den grunn’ (svarar til *af því*).  
– fyrirfórusk: 3. pers. plur. pret. refl. av *fyrirfara* st.vb. 6. kl. ‘bli utsett, bli ugjort’, i reflektiv ‘gå fortapt’.
- 26 med: trykkfeil for *með*.
- 31 miskunna þú ósku þinni ok fegrð líkama þíns: ‘ha miskunn med (dvs. tenk på) din ungdom og din lekams venleik’. Olibrius ber Margreta tenkje på seg sjølv, for om ho ikkje gjer det, kjem han (får vi snart vite) til å fare hardt med henne.
- 32 goð mín: akk. plur. ‘avgudane mine’. Eintal ville ha vore *goð mitt*. Avgudar er som oftast omtalte i fleirtal, anten som *goð* eller *skurðgoð* (utskoren gud, jf. treskurd i moderne norsk). Den kristne gud står i eintal og har forma *guð*.
- 38 auðófi: nom. plur. av *auðófi* n. ‘rikdom’. Dette ordet førekjem også med forma *auðhófi*, som er hovudform i *Norrøn ordbok*.  
– *vári*: 3. pers. plur. pret. konj. av *vera* st.vb. 5. kl. ‘vere’. I konjunktiv har 3. pers. same ending i eintal og fleirtal, *-i*, men av subjektet *auðófi þín* ser vi at det må vere fleirtal.  
– en auðófi þín *vári* í eilífri glatan með þér sjölfum: ‘måtte rikdommen din hamne i evig fortaping saman med deg sjølv’. Optativ (ønskande) konjunktiv i heilsetning, § 152.
- 39 med: trykkfeil for *með*.
- 40 leit: 3. pers. sing. pret. av *lita* st.vb. 1. kl. ‘sjå’, § 84.1.

## Side 271

- 1 líttu: enklitisk form av *lit þú* ‘sjå du’, § 67.3. Verbet står i 2. pers. sing. imp., § 94.  
– mín: gen. av *ek* pers. pron. ‘eg’, § 67.1. Her er det styrt av preposisjonen *tíl*, § 109.1  
– mér: dat. av *ek* pers. pron. ‘eg’. Her er det styrt av verbet *miskunna*, § 102.3.
- 2 bǫrðu: 3. pers. plur. pret. av *berja* sv.vb. telja-kl. ‘slå’. U-omlyd, \**barðu* → *bǫrðu*, § 22.1 regel (1).
- 5 dauf ok dumb: akk. plur. nøytr. av *daufr* adj. ‘døv’ og *dumbr* adj. ‘stum’. Dette er eit fritt objektspredikativ, ‘(som er) døve og stumme’, som står til objektet *goð þín*. I *Norrøne tekster i utval* er *dumb* omsett med ‘blind’, men det er ikkje heilt rett.

- 7–8 greifinn mátti eigi á sjá ≈ greifinn mátti eigi sjá á [pat]: ‘greven klarte ikkje á sjá på det’. Preposisjonen *á* stár absolutt, dvs. utan utfylling, § 132.4.
- 8 skikkjuna: akk. sing. av *skikkja* f. ‘kappe’ + best. art., *skikkju + ina* → *skikkjuna*, § 59.2. Om bøyinga av *skikkja*, sjá § 40.1.
- 10 kvølum: dat. plur. av *kvøl* f. ‘kval, pinsle’. Sterk fem. ar- eller ir-type; kan både ha *kvalar* (ar-type) og *kvalir* (ir-type) i nom. og akk. plur. Ein del sterke feminine substantiv vaklar mellom dei to typane, § 30.
- 17 heyrðu: enklitisk form av *heyr þú* ‘høyr du’, § 67.3. Verbet stár i 2. pers. sing. imp., § 94.
- at ek sjá úvininn: ‘at eg fær sjá fienden’. Djevelen vart ofte omtalt som *úvinr* eller *inn gamli úvinr* ‘den gamle uvenen’. Mennesket kan ikkje utan vidare sjá djevelen, og derfor ber Margrét om at ho skal kunne sjá han – så ho veit kven ho kjempar mot.
- 18 en hvat muna ek mega við honum: ‘og kva eg kjem til á makte mot han’.
- muna: 1. pers. sing. pres. konj. av *munu* pret.-pres. vb. ‘ville, monne, kunne’. Konjunktiven uttrykkjer uvisse om saksforholdet, § 153.2.
  - mega: inf. av *mega* pret.-pres. vb ‘kunne, måtte, evne’, § 92.
  - dómdu: enklitisk form av *dóm þú* ‘døm du’.
  - mín ok hans: gen. av *ek* og *hann* ‘meg og han’, styrt av preposisjonen *milli*, § 109.1.
- 19 sér: 2. pers. sing. pres. av *vera* st.vb. 5.kl. Om bøyinga, sjá oversynet i fig. 8:6, s. 105. Optativ (ønskande) konjunktiv i heilsetning, § 152.
- aldir: akk. plur. av *öld* f. ‘tidsalder’. Sterk fem. ir-type, § 32. Det er ikkje så mange av orda i ir-klassa som har rotvokalen *a* og dermed får u-omlyd, men *öld* er eitt av dei; det får då bøyinga *öld – aldar – öld – öld* i eintal.
- 22 ór hyrningu einni myrkvastofunnar: ‘frå eit hjørne i fengselet’. Preposisjonen *ór* styrer alltid dativ, og utfyllinga *hyrningu einni* stár då også i dativ; genitiven *myrkvastofunnar* stár attributivt til dativleddet *hyrningu einni*.
- 23 álits: gen. sing. av *álit* n. ‘utsjánad’, her ‘á sjá til’. Adverbiell bruk av genitiv.
- 25 villigelti: dat. sing. av *villigøltr* m. ‘villsvin’, styrt av preposisjonen *í*. Substantivet *villigøltr* er ein sterk mask. u-type, § 28.
- 26 údaunan mikit ok illt: ‘utev sterk og vond’, dvs. ‘sterk og vond lukt’. Adjektiv kunne stá både føre og etter substantivet (kjernen i frasen), § 118.1.
- 27 gerðisk: 3. pers. sing. pret. refl. av *gera* sv.vb. uregelrett ‘gjere’, § 82. I refleksiv, *gerask*, har verbet tydinga ‘bli, skje’, § 159.3.
- 28 nōsum: dat. plur. av *nōs* f. ‘nase’. Sterk fem. ar- eller ir-type, kan både ha *nasar* (ar-type) og *nasir* (ir-type) i nom. og akk. plur. Jf. § 30.
- 31 Dei setningane som stár i kursiv, er henta frå handskriftet AM 233 a fol (ca. 1350–1375). Elles byggjer teksten på AM 235 fol (ca. 1400).

- batt: 3. pers. sing. pret. av *binda* st.vb. 3. kl. ‘binde’. Merk desonoriseringa *\*band* → *\*bant* → *batt*, § 22.2 regel (11) og (12).
- *sá* er á himnum er: ‘den som er i himmelen’. Det første *er* er relativpartikkel, det andre *er* presens av *vera*.
- 32 *veittu*: enklitisk form av *veit þú* ‘oppfyll du’. Dette er 2. pers. sing. imp. av *veita* sv.vb. døma-kl. ‘gje, yte, oppfyll’.
- *stígi*: 3. pers. sing. pres. konj. av *stíga* st.vb. 1. kl. ‘stige, gå’. Her står det i konjunktiv, § 153.1.
- 33–34 *inum efra kjaptinum*: instrumental bruk av dativ, draken gapa over Margreta ved hjelp av den øvre kjeften, § 144.2.
- 34 *hvirfil henni*: ‘hovudet på henne’. Dativ i samband med kroppsdelar, § 144.3.
  - *hvirfil*: akk. sing. av *hvirfill* m. ‘kvervel, isse’, her ‘hovud’.
  - *tungunni*: dat. sing. av *tunga* f. ‘tunge’ + best. art., *tungu + inni* → *tungunni*.
  - *tárnar*: akk. plur. av *tá* f. ‘tå’ + best. art., *tár + inar* → *tárnar*. Om bøyinga av *tá*, sjá § 33.1.
- 35 *áðr signda*: ‘før signa’, dvs. ‘som før var signa’. Apposisjon til *með helgum krossmarki*, der *signda* er perf. part. (dat. sing. nøytr.) av *signa* sv.vb. døma-kl. ‘signe’.
- 36 *sprakk*: 3. pers. sing. pret. av *springa* st.vb. 3. kl. ‘sprekke’. Merk desonoriseringa *\*sprang* → *\*sprank* → *sprakk*, § 22.2 regel (11) og (12). Merk at *springa* ikkje har tydinga ‘springe’, det har derimot verbet *hlaupa* st st.vb. 7. kl. B, § 90.2.
- 38 *reis*: 3. pers. sing. pret. av *rísa* st.vb. 1. kl. ‘rise, stå opp’, § 84.1.

## Side 273

- 5 *fylgi*: 3. pers. sing. pres. konj. av *fylgja* sv.vb. døma-kl. ‘følgje’. Konjunktiv uttrykkjer føremål eller følgje, § 153.7.
- 6 *glataði*: 3. pers. sing. pret. konj. av *glata* sv.vb. kasta-kl. ‘skjemme, øydeleggje’. Etter samanhengen må dette verbet stå i konjunktiv, men her er det samanfalande form i indikativ og konjunktiv, jf. bøyingsskjemaet i § 94.
  - *viltu*: enklitisk form av *vilt þú* ‘du vil’. Dette er 2. pers. sing. pres. av *vilja* sv.vb. telja-kl., § 78.2.
- 8 *varp*: 3. pers. sing. pret. av *verpa* st.vb. 3. kl. ‘kaste’. Merk at *verpa* får bortfall av *v* føre runda vokal: *verpa – varp – urpu – orpit*, § 86.2. Dette verbet tek objektet i dativ, *verpa e-u*. Forklaringa er at det ligg eit instrumentalt innhald i objektet; ein kastar *ved hjelp av* noko.
- 9 *fóti*: dat. sing. av *fótr* m. ‘fot’, § 29.1.
  - *láttu*: enklitisk form av *lát þú* ‘lat du’. Dette er 2. pers. sing. imp. av *láta* st.vb 7. kl. D, § 90.4.
- 10 *mín*: gen. av *ek* pers. pron. ‘eg’, § 67.1. Her er det styrt av verbet *freista*, § 103.3.
- 11 *þín*: gen. av *þú* pers. pron. ‘du’, § 67.1. Styrt av verbet *biða*, § 103.3.



- 11–12 þín bíða helgir englar: ‘på deg ventar dei heilage englane’. Tematisering av objektet, § 115.3.
- 15 lyptir: 3. pers. sing. pres. konj. av *lypta* sv.vb. døma-kl. ‘løfte’. Konjunktiv i atsetning, § 153.1.
- fóti þínum: dat. sing. av *fótr* m. og *þinn* poss. – i fleirtal ville det ha vore *fótum þínum*. Verbet *lypta* tek sitt objekt i dativ, på same måte som *verpa* (sjå merknaðen til l. 8 ovanfor).
- 16 hóf: 3. pers. sing. pret. av *hefja* st.vb. 6. kl. ‘løfte, heve’, § 89.4.
- 17 tálða: perf. part. (akk. plur. mask.) av *tála* sv.vb. døma-kl., § 80.1. Partisippet *tálða* stár som predikativ til objektet *marga menn*. Denne konstruksjonen vart etter kvart erstatta av objekt + supinum, *ek hefi marga menn tált*, § 156.
- mǫrgum: dat. plur. av *margr* det. ‘mange’. Substantivisk bruk, *mǫrgum [menn]*.
  - barizk: perf. part. (supinum) refl. av *berja* sv.vb. telja-kl. ‘slá’, i refleksiv ‘slást’, *barit + sk → baritsk = barizk*, jf. § 6 (om bokstaven z). I *Norrøn ordbok* er verbet oppført under den aktive forma *berja*.
- 19 máttá: 1. pers. sing. pret. av *mega* pret.-pres. vb. ‘kunne, måtte, evne’, her ‘makte’. Jf. sambandet til substantivet *mátt* m. ‘makt, styrke, kraft’.
- 20 berjumsk: 1. pers. sing. pres. refl. av *berja* sv.vb. telja-kl. ‘slá’, i refleksiv ‘slást’. Om refleksivbøyinga, sjå § 96.
- 23 reika: inf. av *reika* sv.vb. kasta-kl. ‘tumble med, røre, drive omkring’. Har samband med *reka* st.vb. 5. kl. ‘drive’.
- geta við sét: ‘får passa seg for’, *sjá við e-u* ‘passe seg for noko’. Forma *sét* er perf. part. (supinum) av *sjá* st.vb. 5. kl. ‘sjá, få auge på’.
- 25 ek verð yfir stiginn: ‘eg blir overstigen’, dvs. ‘eg blir overvunnen’.
- 27 þótti: 3. pers. sing. pret. konj. av *þykkja* sv.vb. uregelrett ‘tykkje, synast’, § 82. Rotvokalen i preteritum konjunktiv blir danna ved i-omlyd, *þótti → þøtti*. Merk at den som synest noko, stár i dativ, *mér þykkir* ‘eg tykkjer’, Dette leddet er gjort om til subjekt i moderne norsk, *eg synest*. Jf. § 102.3.
- til koma: ‘kome til’, her ‘påverke, ta tungt’.
  - mér þótti eigi til koma: ‘eg hadde ikkje teke dette så tungt’. Konjunktiven *þótti* må forståast som potensial, dvs. at den uttrykkjer ei haldning til sanninga av påstandsinnhaldet i setninga, § 151.
- 32 eigi at eins: ‘ikkje berre’.
- fǫrum: 1. pers. plur. av *fara* st.vb. 6. kl. ‘fare, reise’, § 89.1. U-omlyd, *\*farum → fǫrum*, § 22.1 regel (1).
- 33 sé: 1. pers. sing. pres. av *sjá* st.vb. 5. kl. ‘sjá, få auge på’. Om bøyinga, sjå fig. 8:6, s. 105.
- 34 fleira: akk. sing. nøytr. komp. av *margr* det., her ‘meir’. Jf. § 49.
- létir: 2. pers. sing. pret. konj. av *láta* st.vb. 7. kl. D, ‘la’, § 90.4. Her er det konjunktiv i vilkårssetning, § 153.4.

- 35 mætta: 1. pers. sing. pret. konj. av *mega* pret.-pres. vb. ‘kunne, måtte, evne’, § 92. Potensial konjunktiv, § 151.
- 37 vári: 3. pers. sing. pret. konj. av *vera* st.vb. 5. kl. ‘vere’. Konjunktiv ved samanlikning, § 153.5.
- 38 brutu: 3. pers. plur. pret. av *brjóta* st.vb. 2. kl. ‘bryte’, § 85.1.

Side 275

- 3 meyna: akk sing. av *már* f. ‘møy, ung kvinne’ + best. art., \**mey + ina* → *meyna*, § 59.2.
- at meyna skyldi leiða: ‘at [dei] skulle føre møya’. Subjektet kan utelatast når det ikkje er nødvendig å gjere klart kven det er som utfører handlinga, § 136. Her er *meyna* objekt i akkusativ, medan subjektet manglar.
- 7 fótum: dat. plur. av *fat* n. ‘plagg, klede’.
- logbrøndum: dat. plur. av *logbrandr* m. ‘brennande stökk’, sterk mask. a-type, § 26.1.
- 9 brenn þú af saurflekka af hjarta mínu: ‘brenn bort syndeflekkane av hjartet mitt’. Den første preposisjonen *af* står absolutt, utan utfylling, medan den andre *af* styrer *hjarta mínu*, som står i dativ; objektet til *brenna* er *saurflekka* (akk. plur. av *saurflekk* m.).
- 10 blótaðu: enklitisk form av *blóta þú* ‘du skal dyrke’, § 67.3.
- 12 leit: 3. pers. sing. pret. av *líta* st.vb. 1. kl. ‘sjá’, § 84.1.
- 13 bænd mín: akk. plur. av *band* m. ‘band’ og *mínn* poss. ‘min’; eintal ville ha vore *band mitt*.
- lofs fórn: ‘offer til takk’, dvs. ‘takkeoffer’, av *fórn* f. ‘sending (jf. *fara* st.vb.), gáve, offer’ og *lof* n. ‘ros, pris’. Genitiven står attributivt og seier noko om kva for gáve det er, § 145.3.a.
- komi: 3. pers. sing. pres. konj. av *koma* st.vb. 4. kl. ‘kome’. Optativ konjunktiv, ‘måtte kome’, § 152.
- 14 blezi: 3. pers. sing. pres. konj. av *bleza* sv.vb. kasta-kl. ‘velsigne’. Optativ konjunktiv.
- 15 gróddu: enklitisk form av *gróð þú* ‘læk du’, § 67.3. Dette er 2. pers. sing. imp. av *gróða* sv.vb. dóma-kl., § 80.1. Ved første augnekast ser *gróddu* ut som ei preteritumsform.
- skírðu: enklitisk form av *skír þú* ‘døyp du’, § 67.3. Dette er 2. pers. sing. imp. av *skíra* sv.vb. dóma-kl., § 80.1.
- 17 gerðisk: sjá merknaden til s. 271, l. 27 ovanfor.
- himni: dat. sing. av *himinn* m. Bortfall av vokal i avleiingssuffiks, \**himin + i* → *himni*, § 22.2 regel (14). Preposisjonen *af* styrer alltid dativ. Nominativsforma *himinn* er resultat av ein assimilasjon, \**himin + r* → *himinn*, § 22.1 regel (2).

- 18 *sælli* Margrétu: dat. sing. av *sáll* adj. og *Margrét* f. Sjá merknaden til s. 267, l. 21 ovanfor om bøyinga av *Margrét*. Dette er eit nytt døme på dativ ved kroppsdelar, *höfuð sælli Margrétu* ‘hovudet til den sæle Margret’, § 144.3. Forma *sælli* er resultat av ein assimilasjon, *\*sál + ri* → *sælli*, § 22.1 regel (2).
- *urðu*: 3. pers. sing. pret. av *verða* st.vb. 3. kl. ‘bli’. Merk bortfallet av *v* føre runda vokal, *\*vurðu* → *urðu*, § 86.2 og § 22.1 regel (8).
- 20 *ertu*: enklitisk form av *ert þú* ‘er du’, § 67.3. Dette er 2. pers. sing. pres. av *vera* st.vb. 5. kl.
- 22 *snerusk*: 3. pers. plur. pret. refl. av *snúa* róa-kl. ‘snu, vende’, her i reflexiv ‘omvende’. Om bøyinga av *snúa*, sjá § 93, og allment om reflexiv, § 96.
- *fjórir*: trykkfeil for *fjórar*.
  - *talit*: perf. part. (nom. sing. nøytr.) av *telja* sv.vb. telja-kl. ‘telje’. Opphavleg hadde verba i telja-klassa bindevokalen *i* i perf. part., og denne førekjem m.a. i dette verbet, med forma *talit* ved sida av *talt*, § 78.1.
  - *hvarki* [er] *talit* konur né börn: ‘ikkje er det talt kvinner eller barn’, dvs. ‘då er verken kvinner eller barn talde med’. Verbalet *vera* kan ofte utelatast, § 131.
- 29 *Malcus*: I Johannes-evangeliet 18, 10–11 er Malkos (latin *Malchus*) nemnd som tenaren til øvstepresten Kaifas, og ein av dei mennene som skulle ta Jesus til fange; disippelen Simon Peter kasta seg då over han med eit sverd og skar av han det høgge øyret. Når dette namnet er valt i *Margrétar saga*, kan det også tenkjast at det spelar på det latinske adjektivet *malus* ‘vond’.
- 31 *biðir*: 2. pers. sing. pres. konj. av *biða* st.vb. 1. kl. ‘bie, vente’. Konjunktiv i atsetning, § 153.1.
- *biðjums*: 1. pers. sing. pret. refl. av *biðja* st.vb. 5. kl. ‘be’, § 88.1. Om bøyinga av reflexiv, sjá § 96.
  - *meðan* ek *biðjums* fyrir = *meðan* ek *biðjums* fyrir [mér], ‘medan eg ber for meg’. Her er det naturleg å tolke inn *mér* som utfylling til preposisjonen *fyrir*, § 132.1.
- 33 *þess* *bið* ek: ‘det bed eg om’. Verbet *biðja* tek eit objekt i genitiv, her *þess* av *sá* det., og eit objekt i akkusativ, her representert ved at-setninga; *biðja e-n e-s* ‘be ein om noko’. Jf. § 104.5.
- 34 *þváisk*: 3. pers. sing. pres. konj. refl. av *þvá* st.vb. 6. kl. ‘tvette, vaske’, refl. ‘blir vaska’, § 89.5. Konjunktiv i nominale at-setningar, § 153.1.
- *less*: 3. pers. sing. pres. av *lesa* st.vb. 5. kl. ‘lese’, § 88.1. Assimilasjon *\*les + r* → *less*, § 22.1 regel (2).
- 35 *lýsi*: akk. sing. av *lýsi* n. ‘lyse’, dvs. tran eller olje brukt til lys.
- *syndir þess* = *syndir þess* [manns], ‘syndene til den mannen’, dvs. ‘syndene hans’.
- 36 *staddir*: perf. part. (nom. plur. mask.) av *steðja* sv.vb. telja-kl. ‘oppchalde seg, vere på ein stad’. Dette partisippet kongruerer med det føregåande *þeir menn*.

- staddir verða í nokkurum háska: ‘som kjem i ein fare’.
- heiti: 3. pers. plur. pres. konj. av *heita* st.vb. 7. kl. A ‘heite, love, kalle’, her ‘kalle’, § 90.1. Konjunktiven má forklarast på bakgrunn av eit underforstått vilkår, ‘om dei skulle kalle på meg’.
- 37 leystu þá = leys þú þá, ‘løys du dei’. Det siste ordet, *þá*, er akk. plur. mask. av *sá* det., § 70.
- 38 *sá* er minning gerir = [at] *sá* er minning gerir, ‘at den som minnest’.
- minning (gerir) minnar þíslar: ‘minne om mine þíslar’, der *minnar þíslar* er attributiv genitiv, dvs. at leddet seier noko om kva for *minning* det er tale om, § 145.3. Dette er elles ein diskontinuerleg frase, der verbalet *gerir* kjem mellom kjernen *minning* og adleddet *minnar þíslar*, § 119.1.
- 38 *bók þá* sem mín þíslarsaga er á: ‘den boka som lidings saga mi er i’. Her har preposisjonen *á* utfyllinga *bók*. Ein seier gjerne at preposisjonen er strandá. dvs. at den er blitt ståande att, medan utfyllinga er flytta fram, § 132.3.
- 40 *sá* er ritar þíslarsögu mína = [at] *sá* er ritar þíslarsögu mína, ‘at den som skriv ned lidings saga mi’. Ettersom lidings saga allereie er skriven (dvs. forfatta), er det naturleg á tenkje seg at det er tale om avskrift – det var jo på den måten litteraturen vart spreidd før trykkjekunsten.
- ritar: 3. pers. sing. pres. av *rita* sv.vb. kasta-kl. ‘skrive (opp), rekne’. Det finst også eit sterkt verb, *rita* st.vb. 1. kl. Personendinga *-ar* viser at *ritar* er eit svakt verb, for det sterke verbet ville hatt endinga *-r*, *rítr*, jf. oversynet i § 94, fig. 8:4.

## Side 277

- 1 *bók sú*: ‘denne boka’, nom. sing. av *bók* f. ‘bok’ og *sá* det. ‘den, det’; om bøyinga av *sá*, sjá § 70. Determinativ stár ofte etter kjernen, § 118.2.
- 2 *verði*: 3. pers. sing. pres. konj. av *verða* st.vb. 3. kl. ‘bli’. Optativ konjunktiv, § 152.
- *lama*: nom. sing. nøytr. av *lama* adj. ‘lam, vanfør’. Dette adjektivet, som også har forma *lami*, er ubøygð. Her kunne ein ha venta seg partisippforma av *lemja* sv.vb. telja-kl. ‘skamslá, knuse’, dvs. *lamdr*, nøytrum *lamt*.
- 6 *miskunnar*: gen. sing. av *miskunn* f. ‘miskunn’, objekt i genitiv styrt av verbet *leita* ‘leite, søkje, be om’, § 103.3.
- 7 *sver*: 1. pers. sing. pres. av *sverja* st.vb. 6. kl. ‘sverje, love’, § 89.4.
- at allt mun þér veitt [vera], ‘alt vil deg bli gjeve’; perf. part. *veitt* av *veita* sv.vb. dōma-kl. ‘gje, yte’.
- 13 *leit*: 3. pers. sing. pret. av *líta* st.vb. 1. kl. ‘sjá’, § 84.1. Sterke verb er kjenneteikna ved at dei er einstava i pret. sing., t.d. *leit*, i motsetnad til dei svake verba, t.d. *leitaði* av *leita* sv.vb. kasta-kl. Jf. § 74.1 og 74.2.
- 14 *sóri*: 1. pers. sing. pres. av *sóra* sv.vb. dōma-kl. ‘be inderleg’.

- 15 sjá: 1. pers. sing. pres. konj. av *vera* st.vb. 5. kl. ‘vere’. Presens konjunktiv av *vera* fell saman med tilsvarende former av *sjá* st.vb. 5.kl. ‘sjá’, men samanhengen viser at det må vere ei form av *vera*. Jf. samla oversyn over bøyinga av dei to verba, s. 105. Subjunksjonen *þótt* (*þó at*) styrer alltid konjunktiv, § 153.6.
- *þótt* ek sjá syndug: ‘sjølv om eg er syndig’.
- 16 dróttin minn Jesum Kristum: direkte objekt i akkusativ, der *Jesus Kristus* har akkusativform etter latinsk mønster.
- veiti: 3. pers. sing. pres. konj. av *veita* sv.vb. dóma-kl. ‘gje, yte’. Konjunktiv i nominale at-setningar, § 153.1.
- 17 reis: 3. pers. sing. pret. av *rísa* st.vb. 1. kl. ‘rise, stå opp’, § 84.1.
- 20 hjó: 3. pers. sing. pret. av *hoggva* st.vb. 7. kl. B ‘hogge’, her ‘halshogge’, § 90.2.
- 24 sállar: gen. sing. fem. av *sáll* adj. ‘sæl’. Assimilasjon, \**sál + rar* → *sállar*, § 22.1 regel (2). Den same assimilasjonen ligg bak nominativsforma, \**sál + r* → *sáll*.
- 25 sungu: 3. pers. plur. pret. av *syngja* st.vb. 3. kl. ‘syngje’, § 86.1.
- 26 líkama: akk. sing. av *líkami* m. ‘lekam’, svak mask. a-type. Dette substantivet finst også som sterk mask. i-type, *líkamr* m.
- gróf: 3. pers. sing. pret. av *grafa* st.vb. 6. kl. ‘grave’, § 89.1.
- 29 ok biðið at hon minnisk ≈ at [þér] biðið at hon minnisk, ‘at de ber om at ho minnest’.
- yðvar: gen. av *þér* pron. ‘de, dykk’, § 67.1.

# Bruk av *Norrøn ordbok*

---

*Norrøn ordbok* er eit uunnverleg hjelpemiddel under arbeidet med norrøne tekster. Dette kapitlet gjev nokre praktiske råd om korleis ordboka skal brukast, med hovudvekt på korleis vi skal forstå *formparentesane*.

## Korleis finne fram til stamma av ordet

I formparentesen i ordboka er ei eller fleire av bøyingsendingane oppførte, t.d. **staðr** m. (-ar; -ir). Første bod blir dermed å dra grensa mellom *stamme* og *bøyingsending* (§ 19–20). Stamma finn vi ved å ta utgangspunkt i oppslagsforma i ordboka:

### S u b s t a n t i v (oppslagsform: nominativ singular)

sterke mask.:	stamme = oppslagsform ÷ <i>r</i> <sup>1</sup>	t.d. <i>armr</i> ÷ <i>r</i> = <i>arm</i>
sterke fem.:	stamme = oppslagsform	t.d. <i>bôn</i>
sterke nøytr.:	stamme = oppslagsform	t.d. <i>land</i>
svake mask.:	stamme = oppslagsform ÷ <i>i</i>	t.d. <i>granni</i> ÷ <i>i</i> = <i>grann</i>
svake fem.:	stamme = oppslagsform ÷ <i>a</i>	t.d. <i>saga</i> ÷ <i>a</i> = <i>sag</i>
svake nøytr.:	stamme = oppslagsform ÷ <i>a</i>	t.d. <i>hjarta</i> ÷ <i>a</i> = <i>hjart</i>

### A d j e k t i v (oppslagsform: nominativ maskulinum singular)

alle:	stamme = oppslagsform ÷ <i>r</i> <sup>2</sup>	t.d. <i>spakr</i> ÷ <i>r</i> = <i>spak</i>
		t.d. <i>blár</i> ÷ <i>r</i> = <i>blá</i>

### V e r b (oppslagsform: infinitiv)

svake verb		
telja-klassa:	stamme = oppslagsform ÷ <i>ja</i>	t.d. <i>telja</i> ÷ <i>ja</i> = <i>tel</i>
alle andre:	stamme = oppslagsform ÷ <i>a</i> <sup>3</sup>	t.d. <i>kasta</i> ÷ <i>a</i> = <i>kast</i>
sterke verb:		
j-innskot:	stamme = oppslagsform ÷ <i>ja</i>	t.d. <i>blikja</i> ÷ <i>ja</i> = <i>blik</i>

---

<sup>1</sup> I assimilerte former som *steinn*, *djǫfull* o.l. dreg ein frå den siste konsonanten, og får stammer som *stein*, *djǫful* o.l.

<sup>2</sup> I assimilerte former som *heiðinn*, *lítill* o.l. dreg ein frå den siste konsonanten, og får stammer som *heiðin*, *lítill* o.l.

<sup>3</sup> Merk likevel assimilerte former av typen *spáa* → *spá*, der stamme = oppslagsform.

v-innskot:	stamme = oppslagsform ÷ <i>va</i>	t.d. <i>slyngva</i> ÷ <i>va</i> = <i>slyng</i>
alle andre:	stamme = oppslagsform ÷ <i>a</i>	t.d. <i>bíta</i> ÷ <i>a</i> = <i>bit</i>

Substantivet *staðr* har altså stamma *stað-*, og endingane *-ar* og *-ir* blir føydde til denne: *staðar* og *staðir*. — Legg merke til at norrøne stammer oftast endar på konsonant. Når stamma endar på vokal, vil ein innleiande vokal i bøyingsendinga falle bort dersom han er av same eller tilsvarende kvalitet, § 22.1 regel (6), t.d. *mó + um* → *móm*, *blá + an* → *blán*, *tré + i* → *tré*.

## Innhaldet av formparentesen

Formparentesen knyter sambandet mellom ordbok og grammatikken, for her får vi dei opplysningane som trengst for å plassere eit ord i rett bøyingsklasse.

### Substantiv

- ending i genitiv singular og/eller nominativ plural, enkelte gonger også andre former, t.d. **staðr** m. (*-ar*; *-ir*), **skuld** f. (pl. *-ir*), **fǫr** f. (*farar*; pl. *farar* og *farir*), **vǫllr** m. (*vallar*, dat. *velli*; pl. *vellir*, ak. *vǫllu*)<sup>1</sup>
- ending i genitiv singular (eller andre former) som inneheld *j* eller *v* når ordet har (eller kan ha) *j-* eller *v-innskot*, t.d. **drengr** m. (*-s*; *-ir*, gen. *-ja*), **sǫngr** m. (*sǫngr*; *sǫng(v)ar*)

### Adjektiv

- inga ending ved regelrett bøyning, men komparativ og superlativ er oppførte når desse blir danna ved *i-*omlyd, t.d. **spakr** a., **gláðr** a., **stórr** a. (komp. *stórri*, sup. *stórstr*)
- ending i akkusativ maskulinum singular når adjektivet har *j-* eller *v-innskot*, t.d. **miðr** a. (ak. *miðjan*), **fǫlr** a. (ak. *fǫlvan*)

### Verb

- stammeutlyd + dentalsuffiks i kasta- og døma-klassa, t.d. **kalla** (*að*), **rengja** (*gð*), **fóra** (*rð*), **velta** (*lt*)<sup>2</sup>
- fulle former i preteritum og perfektum partisipp i telja- og enkelte verb i døma-klassa, t.d. **verja** (*varði*; fp. *variðr* og *varðr*)<sup>3</sup>

<sup>1</sup> Merk at *semikolon* blir brukt for å skilje mellom eintal og fleirtal, *komma* for å skilje mellom ulike kasus innanfor eintals- eller fleirtalsbøyinga.

<sup>2</sup> Med stammeutlyd forstår vi ein eller fleire av lydane i slutten av ei stamme, t.d. *r* i *fóra*, *nd* i *bóndi*, *á* i *blár* osv.

<sup>3</sup> fp. = fortids partisipp, dvs. perfektum partisipp.

- fulle former *a verbo* for alle sterke verb og preterito-presentiske verb, t.d. **bresta** (*brestr; brast, brustu; brostit*)<sup>1</sup>

Fram til og med 4. utgåve førte *Norrøn ordbok* opp 1. person i dei finitte verbformene, men frå og med 5. utgåve (2008) fører ordboka opp 3. person, som er den mest frekvente forma. Det er også denne forma som er oppført i *Norrøn grammatikk i hovuddrag*.

### Når formparentesen manglar

Substantiv og adjektiv står ofte utan formparentes i ordboka. Men det er ingen grunn til å fortvile: Hovudregelen er nemleg at det *ikkje* står formparentes til ord i dei største eller mest lettkjennelege bøyingsklassene. Dermed ligg det ei viktig melding i sjølv *fråvaret* av formparentes. Litt forenkla kan reglane setjast opp slik:

1. Blant **substantiva** er formparentes ikkje oppført for dei ord som har svak bøying. Derimot står det formparentes for alle substantiv med sterk bøying, utanom dei maskuline **a**-typane, dei feminine **ir**-typane og dei nøytrale **null**-typane. Formparentes er likevel oppsett i alle ord (både svake og sterke) som har innskot av *j* eller *v*, når dette innskotet ikkje er synleg i nominativsforma.
2. Blant **adjektiva** er formparentes berre oppsett for dei ord som har innskot av *j* eller *v*, eller når komparativ og superlativ blir danna ved i-omlyd eller suppletivstamme.
3. Blant **verba** er formparentes oppsett både for svake verb (dentalsuffikset), og for sterke verb og preterito-presentiske verb (alle former *a verbo*).
4. Ved samansette ord står det ingen formparentes sjølv om det siste leddet er oppført med formparentes på sin alfabetiske plass i ordboka. Døme: Ordet *herør* f. 'hærpil' har ingen formparentes og skulle etter regel 1 ovanfor vere ein sterk **ir**-type (det kan ikkje vere ein svak **ur**- eller **i**-type då nominativsforma ikkje endar på trykklett vokal), men dersom vi slår opp på sisteleddet *ør* f., viser formparentesen at ordet er ein sterk feminin **ar**-type med *v*-innskot: **ør** f. (*ørvar; ørvar*).

---

<sup>1</sup> Formene er *presens singular*, *preteritum singular*, *preteritum plural* og *perfektum partisipp*. Her skil semikolon mellom hovudformene *presens*, *preteritum* og *perfektum partisipp*, og komma mellom *preteritum singular* og *plural*.



Ved hjelp av desse reglane kan vi no gå frå ordboka til grammatikken. Nedanfor følgjer nokre døme på korleis ein må resonnerer når det gjeld substantiv som står oppførte utan formparentes i ordboka:

**dauðr** m.: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) då det ikkje har formparentes, kan det ikkje vere ein **i-**, **u-** eller **r-**type → det må altså vere ein sterk maskulin **a-**type.

**hégómi** m.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då det ikkje har stammeutlyden *-nd*, kan det ikkje vere ein svak **r-**type → det må altså vere ein svak maskulin **a-**type.

**dómandi** m.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då det har stammeutlyden *-nd*, kan det ikkje vere ein svak **a-**type → det må altså vere ein svak maskulin **r-**type.

**ást** f.: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) då det ikkje har formparentes, kan det ikkje vere ein **ar-** eller **r-**type → det må altså vere ein sterk feminin **ir-**type.

**fróði** f.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då endinga ikkje er *-a*, kan det ikkje vere ein **ur-**type → det må altså vere ein svak feminin **i-**type.

**tunga** f.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då endinga ikkje er *-i*, kan det ikkje vere ein **i-**type → det må altså vere ein svak feminin **ur-**type.

**gagn** n.: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) det er berre ei klasse av sterke nøytrale substantiv → det må altså vere ein sterk nøytral **null-**type.

**auga** n.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) det er berre ei klasse av svake nøytrale substantiv → det må altså vere ein svak nøytral **u-**type.